

Det vart også vedteke å vaske 7 av romma og gangane. Det er lagt nytt golvbelegg på rom nr. 8 - 9 - 14, og det er sett opp en vask med varmt og kaldt vatten for gjesteromma i 3dje etasje.

SELJA, ELLER RIVA OG BYGGJA ET NYTT ENGENE 4 ?

Ved årsmøtet 25 februar 1970, vart Kåre Evenstad og Steffen Gausemel attvalde for 2 nye år i styret.

Rekneskapen viste dessverre eit underskott på kr. 309,82. Det vart difor vedtatt å ikkje dela ut noko utbytte denne gongen.

Reparasjonar på eit eller anna sted på gården kort år, er naturleg nok ein stor belastning på økonomien, og for styret som skal handsame detta. Mange av årsmøte-delegatane tok opp spørsmålet om å selja Kaffistova, eller riva og byggja nytt på same tomta. Styret lovte å arbeide vidare med sakji.

Styret har lenge sett at trappegangen er slitt og stygg, og på styremøtet 6 mai, vart det vedteke å pusse opp trappegangen og taket i storsalen.

Husmora Valborg Christoffersen hadde sendt styret ein søknad om lønsauke på kr. ~~400,-~~ pr.mnd. Slik staa er no, fann styret det ikkje tilrådeleg å auke husmoras løn med mer enn 200,- kr. pr. mnd. Løna vil da bli auka til kr. 2.000,- pr. mnd.

Formannen greide ut ~~om~~ samarbeidsplanane med Odd Fellow og Aass Bryggeri. Etter hans mening stelte begge seg positive til eit mågeleg samarbeide.

Dei gjentagne utgiftene til reparasjonar og vedlikehald av gården Engene 4, prega årsmøtet 17 februar 1971.

Kaffistova har i året 1970 vorte medlem av Norges Kaféforbunds Andelslag, med innskott kr. 1.500,-.

Noregs Mållag er løyvd kr. 250,-.

Husleienemnda i Drammen har lagt ned forbud mot å auke husleigene. Difor vart rekneskapen gjort opp med eit underskott på kr. 3.360,94.

Styret gjorde framlegg om ikkje å dela ut noko utbyte for året 1970, og framlegget vart vedteke.

Ved valet til styret vart Ragnhild Stubhaug og Sivert Meldal attvald for 2 nye år. Nytt styremedlem vart Hans Leirvik. I tillegg til disse Kåre Evenstad og Steffen Gausemel.

Mange hadde meiningar om gardsbruket, og spørsmåla og forslaga vart etter kort mange. Dei fleste tenkte seg å riva og byggja oppatt på tomta, og nokon ville selja eigedomen. Kaféen ga for lite utbytte, så difor meinte også nokon å leige ut kafédrifta.

Styret fekk full <sup>✓</sup>til å arbeide vidare, ved å veie alle forslaga mot kvarandre.

✓  
støtte

Ved valet på styremøtet 24 mai, vart Kåre Evenstad attvald som formann. Hans Leirvik vart ny varaformann, og Steffen Gausemel vart skrivar. Ragnhild Stubhaug og Sivert Meldal vart styremedlemmar.

Arne Trolsrud fortsatte som forretningsfører og Ragnar T. Dahl som ettersynsmann.

Det vart etter ein inspeksjon kome krav om å leggja nye plater på WC, og det skulle formannen syta for vart gjort.

Byggeplanar eller sal vart eit fast tema på alle styremøtene framover.

På styremøtet 10 november 1971, kunne formann Evenstad leggja fram ein reguleringsplan for heile kvartalet, som Byplankontoret hadde arbeidt ut.

Hvis Engene 4 vart rivi, kunne det byggjes eit 4-etasjes bygg på berre 12 X12 meter, ca. 144 kvm. Resten ville bli ein etasje med parkeringstak på 12 X 8 meter.

Arkitekt AXel Kirkhorn har tilbode seg gratis å utarbeide ein ny reguleringsplan for kvartalet, då både Odd Fellow og Aass Bryggeri har protestert på kommunens planar.

Således kunne formannen leggja fram planar og tekingar frå arkitekt Kirkhorn på styremøtet 8 desember, og han skulle heile tida bli informert om "dei nye planane". Styret vedtok å løyve Noregs Mållag kr. 250,-. Då Bondeungdomslaget i Drammen fyller 60 år i februar 1972, fekk formannen fullmakt til å kjøpa ein høveleg gåve til jubileet.

Nå som tenarane har fått tariff-løn, og ei lønsauke på kr. 130,- i månaden, måtte husmora få tilsvarande lønsauke, d.v.s. kr. 150,- for månaden. Månadsløna hennar vil då bli kr. 2.150,-.

Byggesakji er eit heit tema for tida, og årsmøtet 23 februar 1972 vart ikkje noko undtak.

Men fyst fekk Sivert Meldal ordet, og takka for gåva han fekk på sin 80 årsdag 20 februar i år, ein fin vase full av vakre blomar.

Formannen roste Meldal for hans lange og samvetsfulle arbeid for Kaffistova. Meldal hadde i alle åra representert Drammen Frisinnede Ungdomsforening, ein forening som ikkje hadde vore i verksemd på fleire år. Han kunne difor syna fram 5 aktiebrev, som hadde tilhørt Drammen Frisinnede Ungdomsforening.

Årsmøtet stadfesta at A/L Kaffistova hadde teke imot dei 5 aktiebrev som har tilhørt Drammen Frisinnede Ungdomsforening.

Årsmøtet 1973 avgjer kva som skal gjerast med desse aktiebrev. Forretningsføraren sytar for å setja aktiebrev i bankboks, fram til neste årsmøte.

Georg Steimoen takka Meldal for strevet han hadde hatt med å få tak i desse aktiebrev.

Formannen greide så ut om byggeplanane, og viste fram tekningane som arkitekt Kirkhorn hadde arbeidd fram. Mange hadde meiningar om desse planane, og fleire meinte at ein burde settja igang snarast mogeleg. Styret fekk fullmakt til å arbeide vidare med byggeplanane, og med salet av Kaffistova.

Formannen fekk på styremøtet 26 april, fullmakt til å kontakte advokat for riktig handsaming av dei 5 aktiebrev.

Forøvrig vart Kåre Evenstad attvald som formann, Hans Leirvik som varaformann og Steffen Gausemel som skrivar.

Til Bondeungdomslaget i Drammen, s 60 årsjubileum 11 mars i år, hadde formannen, etter styrevedtak kjøpt som gåve ein gong-gong og ei messingbølle.

✓  
messing-  
bølle

Formannen las opp eit takkekort frå Bondeungdomslaget på styremøtet 28 juni.

Advokat Olav Sundet, som vart kontakta om dei 5 aktiebrev, rådde til at ein fekk til eit møte med det sist lovleg valte styret i Drammen Frisinnede Ungdomsforening. Det lå føre eit tilbod frå arkitekt Kirkgorn om å utarbeide eit regulerings- og byggefrålegg for Engene 4. Formannen fekk fullmakt til å konferere vidare med arkitekten. Dessuten skulle han ta kontakt med Aass Bryggeri, som er involvert i Odd Fellow-bygget, for å høyre om dei vart viljuge til å ta sin del av utgiftene med felles overslag over dei to eigedomane.

#### DRAMMEN FRISINNEDE UNGDOMSFORENING LØYSES OPP.

Styret i A/L Kaffistova - Bondeheimen hadde kalla inn det sist valde styret i Drammen Frisinnede ungdomsforening, ved sist valde formann herr Arnt Ruud, til eit møte om aktiebrev 11 oktober 1972, men ingen frå Ungdomsforeningen møtte.

Dei 5 styremedlemmane i Kaffistova og forretningsfører Arne Trolsrud, vart då samde om at ein måtte sjå på dette som ein stadfesting av at Drammen Frisinnede Ungdomsforening ikkje eksisterer lenger, og difor ikkje lenger har noko krav på dei 5 aktiebrevva.

Då ein etter dette må sjå det slik at aktiebrevva har gått over til A/L Kaffistova - Bondeheimen, er ein viss på at dei vart sikra og disponerte i samsvar med eit føremål og dei føresetnader som ligg til grunn for skipinga av dette selskapet (Sjå § 1 i vedtektene).

"A/L Kaffistova - Bondheimen i Drammen er grunda på 20 aktiar á kr. 100,-. Aktiane er heilt ipnbetalte og på navn. Føremålet for A/L Kaffistova - Bondeheimen er å vera ein heimleg samlingstad for landsfolk og byfolk, der norsk sæd og skikk vil verta atterreist i husbunad, matstell og liknande."

Eit skriv med dette innhaldet vart sendt til advokat Olav Sundet, til Arnt Ruud, og til vararepresentant til styret i Kaffistova, Randi Borgen, som representerte Drammen Frisinnede Ungdomsforening.

Så kom~~er~~ eit brev datert 6 november 1972 frå Sigrid Christoffersen, som i sterke ordelag imøtegjekk handsaminga av aktiebrevva. Ho meinte at so lenge Drammen Frisinnede Ungdomsforening ikkje er offisielt oppløyst, må den antas å eksistere, og foreningens eigedeler og formue er fortsatt foreningens eigedom. Så også dei 5 aktiebrevva.

I 3 punkter imøtegjekk ho at styret i Kaffistova ikkje hadde nokon juridisk rett til å annektere dei 5 aktiebrevva. Dei vart framleis Drammen Frisinnede Ungdomsforenings eigedom, meinte ho.

Styret i Kaffistova svara Sigrid Christoffersen i brev datert 11 desember 1972, at aktiebrevva førebels finnst i bankboks i påvente av avgjerdsle på årsmøtet i Kaffistova i 1973.

Styrets heile meining i aktiebrev-sakji, er at alt skal handsamas på beste måte for alle som er eller har vørti medvirkande i Kaffistova.

Til slutt løyste saka om dei 5 aktiebreva seg, idet Arnt Ruud, den sist lovleg valde formann i Drammen Frisinnede Ungdomsforening, i brev datert 19 januar 1973, meddeler at Ungdomsforeningen hev i møte 18 januar d.å., vedtatt at Drammen Frisinnede Ungdomsforening skal løyses opp. Foreningen vil tilby aktiebreva til dei som vil verta interesserte i å kjøpa dei.

Midlane frå salet har foreningent<sup>7</sup>enkt skal gå til humanitære føremål. Foreningen hadde også sett inn ein kunngjering i Drammens-avisene om oppløysinga.

I brevet vart det også framhevd, at heilt siden bautæen over diktaren Per Sivle vart reist, so har Drammen Frisinnede Ungdomsforening syta for talare til bekransning hver 17de mai. Dei håpar at denne tradisjonen må ivaretaes av dei nye aktieeigarane.

Handsaming av aktiebrev-sakji, vart ein av dei viktigaste sakene på årsmøtet 27 februar 1973.

Men rekneskapen, som viste eit underskott på kr. 9.034,07, ga utslag i bekymring hos årsmøtedelegatane. Sjølv om omsettinga har stigi, har det vørti lønsauke på kr. 18.000,- detta året.

Allikevel vart det løyvd kr 250,- til Noregs Mållag, og det samme til Leikarringen Noreg og til Idrettslaget i BUL. Men det vart samrøystes vedteke å ikkje dela ut noko utbyte for 1972.

Korrespondansen i aktiebrev-sakji vart lest opp av formannen, som meinte at ein burde gå varsamt fram, ellers kunne ein risikere ein rettsak. Det ville difor vera den beste løysing å kjøpa aktiane, meinte han.

Fleire vart enige med formannen i hans syn.

Men Sivert Meldal vart ikkje enig i dette, og meinte at når Drammen Frisinnede Ungdomsforening ikkje eksisterte lenger, hadde dei heller ikkje noko rett til å bestemme over aktiane.

Etter eit langt ordskifte, fekk styret fullmakt til å forhandle med dei tidligare medlemmane i Drammen Frisinnede Ungdomsforening, om overdraging eller kjøp. Etter dette vedtaket, ynskte Sivert Meldal ikkje å vera medlem av styret lenger.

Mange syntes at drifta av kaféen gjekk for dårleg, men ingen hadde klåre meiningar om kva som skulle gjerast. Imidlertid fekk styret fullmakt til å sjå på ein eventuell driftsplan for kafédrifta.

Byggeplanane ligg førebels iro, særleg fordi Aass Bryggeri hadde leigd bort Odd Fellow-bygget for 10 år. Formannen avslutta møtet med å si seg lei for at Sivert Meldal no ikkje ville vera med i styret lenger, men framførte ein hjarteleg takk for alt han hev gjort for Kaffistova gjennom eit langt liv.

Det sist valde styret i Drammen Frisinnede Ungdomsforening, hadde i brev av 2 april 1973, tilbuddt Kaffistova dei 5 aktiebrevane til pålydende verdi.

Styret vedtok i styremøte 22 mai å overta aktiebrevane som tilbuddt, og overdra dei til dei andre aktieeigarane, Bondeungdomslaget, Buskerud Mållag og Drammen Mållag. På dette møtet vart heile styret attvald.

Eit nytt brev frå Drammen Frisinnede Ungdomsforening vart lest opp på styremøtet 7 juni. Her melder foreningen, at pengane for dei 5 aktiebrevane, kr. 7.500,-, skulle sendast i deiras navn, til "Foreldrelaget ved Soltun Åndsvakehjem i Drammen".

Når kjøpet er i orden, meiner styret at eit omframtarmsmøte avhaldast snarast mogeleg, for å fordela aktiane mellom dei 3 eigarane som no er att.

Forretningsføreren la fram skremmande tal i sin rekneskapsversikt pr. 30 april i år. Kafédrifta synte eit underskott på kr. 11.000,-. Stor svikt i både kaféen og utleigeromma. Resultatet er så dårleg, at styret finnt det ikkje forsvarleg å driva slik lenger. Dette må søkast løyst på omframt-årsmøtet 27 juni 1973.

Formannen kunne på styremøtet 27 juni, leggja fram ein kvittering for dei 5 aktiane, med undertekning av Arnt Ruud og Sigrid Christoffersen.

Men underskottet bare aukar, og er no kome opp i kr. 12.656,89, og er så storet at noko må gjerast og det snarast mogeleg.

Omframt-årsmøtet som skal haldast idag, må avgjere kva som må gjerast. Leige bort ? Eller selja ?

Omframt-årsmøtet vart halde samme dag, 27 juni, med 2 klåre hovudsaker på dagsorden.

Første sak vart handsaming av dei 5 aktiebrev, som er overtekne av Kaffistova, etter at Drammen Frisinnede Ungdomsforening vart oppløyst 18 januar i år. Aktiane vart innløyste for pålydende beløp kr. 1.500,- pr. aktie, altså tilsaman kr. 7.500,-.

Omframt-årsmøtet vedtok å fordela aktiane soleis:

Bondeungdomslaget 3 aktiar.

Buskerud Mållag 1 aktie.

Drammen Mållag 1 aktie.

Etter denna delinga hev Bondeungdomslaget 11 aktiar. Buskerud Mållag hev 6 aktiar, og Drammen Mållag 3 aktiar i A/L Kaffistova - Bondeheimen i Drammen. Årsmøtet vedtok også at Olav Bakken frå Bondeungdomslaget rykker opp som 5te styremedlem etter Sivert Meldal som slutta i styret 27 februar.

)  
Formannen refererte det dårlege driftsresultatet for Kaffistova, som pr. idag viste eit underskott på over kr. 13.000,-. Etter styrets syn måtte ein snarast mogeleg leggja ned kafédrifta, og heller leige ut lokala til anna virksomhet.

Nesten alle representantane hadde ordet i denne vanskelege saka, som endte med at styret fekk fullmakt til å settja inn ein annonse i avisene, med tilbod til dei som evetue<sup>l</sup>lt ville leige og driva kafédrift.

✓  
ventuell  
) Inntil evetuell leietakar og drivar vart på plass, skulle Kaffistova drivast som før.

) Det vart vedteke å halde eit nytt omfrønt-årsmøte i denna saka, når styret hadde vurdert dei innkomne tilboda.

Etter at lysinga hadde stått i avisene, kunne formann Evenstad fortelja på styremøtet 20 august, at det var kome inn 3 svar. 2 av dei hadde trekk seg etter samtale med formannen. den 3dje, som var guldsmed Arne Lie Larsen, hadde enda ikkje nokon klåre planar, men ville kome attende, hvis han fekk leigd Kaffistova.

Guldsmed Larsen, som er leigetakar i 1ste etasje, hadde sett på lokala sammen med formannen, som på styremøtet 27 august kunne meddele styret at Larsen hadde trekk seg.

) Styret vart samde om å lysa ut på nytt.

Journalist Sigrid Christoffersen, hadde under (mrk.-SC-) skrivi eit lengre innlegg til avisene, med tittel: "Gammel tradisjonsrik forening er oppløyst".

" At Drammen Frisinnede Ungdomsforening er oppløyst, vekker vemodige minner om gløande rørsle og feststemte samvær i ein forening, som blei sett som den friaste i landet. Foreninga var politisk nøytral, og hadde døme for å vera ein stad for frisinnnet ungdom, med syt for nasjonalt og kulturelt arbeid.

)  
Foreninga vart starta i 1892, og hadde stor aktivitet til litt etter siste krig. Da sank interessa for lagsarbeide, og møtene vart haldne meir uregelmessig.

Ho fortel også at ungdomsforeningen hadde vore medeigar i A/L Kaffistova - Bondeheimen, med 5 aksjer. Aksjene blei seld til Kaffistova for tilsammen kr. 7.500,-.

Det vart gitt til eit feriehjemsprosjekt ved Soltun Åndsvakehjem, og eit beløp på lagets bankbok på kr. 600,- vart gitt til kirkebygg på Fjell.

Ho mener det er sorgligt at det ikkje er interesse for eit lag med eit slikt føremål.

)  
I stykket skriv ho også at laget den 27 juni 1909 fekk reist ein minnestein over dikteren Per Sivle på Sundhaugen, og at laget kort år syta for bekransning av minnesteinen 17de mai."

Etter siste utlysinga vart det kome inn 9 søknader, og ein samla seg om 4 av dei på styremøtet 12 september 1973.

1. Fru Valborg Christoffersen (husmora) ville driva ein fysteklasses spiseforretning, med høve til at gjestene kunne kjøpa seg eit glas pils til maten.
2. Svend Arne Trolsrud og Erik Wilberg ville leige ut hyblar, drive produksjon av ferdigmat, leige ut konferanserom, og drive undervisning.
3. Dag Ljønes ville drive kafé .
4. Kjell Nystuen ville drive kafé.

)  
Det vart vedteke å innkalla disse 4 til møter måndag 17 september.

Det vart også vedteke å auke husleigene med 20 % frå 1 oktober 1973.

)  
Etter møter med dei 4 som hadde synt interesse for å  
driva Kaffistova, vart styret samde om å laga ein inn-  
stilling til omframtårsmøtet 3 oktober 1973.

På dette møtet la formann Evenstad fram styrets inn-  
stilling:

Nr. 1. Kjell Nystuen.

Nr. 2. Svend Arne Trolsrud og Erik Wiberg.

Leigesummen vart satt til kr. 25.000,- pr. år.

Omframtårsmøtet ga sin tilslutning til styrets forslag,  
å skrive kontrakt med Kjell Nystuen.

)  
Formannen las på styremøtet 17 desember, opp eit brev  
frå Arnt Ruud, at Kaffistova skulle få som sin eigedom  
formannsklubba etter oppløyste Drammen Frisinnede Ung-  
domsforening.

Styret vedtok å søkje Drammen Sparebank om eit lån på  
kr. 180.000,-, for å kunne løyse inn Kassakredittlånet  
og lånet i Drammen Overformynderi.

Det vart på møtet opplyst at Kaffistova har deponert  
6 målarstykker og 1 fotografi på Drammen Museum.

Kvitteringa for dette er oppbevart i Kaffistovas bank-  
boks.

)  
Årsmeldinga for 1973 synte kva for strev styret hadde  
hatt med handsaming av følgjende saker:

Oppløysinga av Drammen Frisinnede Ungdomsfoening, og  
deres 5 aktiebrev i Kaffistova.

Bortleige av Kaffistova.

Handsaminga av dei 5 aktiebrevva til Drammen Frisinnede  
Ungdomsforening, som vart oppløyst 18 januar i år, og  
dei 5 akriebrevva som vart fordelt på omframtårsmøtet  
17 juni i år.

Det dårlege driftsresultatet, som ved årets slutt, synte  
eit underskott på kr. 82.695,46, vart hovedårsaken til  
at det vart naudsynt å bortleige kaféen og utleigeromma.

) Det vart Kjell Nystuen som fekk leigekontrakt på kaféen og utleigeromma, og han hadde starta med oppussinga med ein gong han hadde overteke, 1 november 1973.

Frå samme dag slutta husmora Valborg Christoffersen.

Styret hadde søkt Drammen Sparebank om eit lån på kr. 180.000,-, og fekk innvilga eit lån på kr. 125.000,-, og starta omgåande med å betale ned på lån og andre skuldnader.

) Mangeårig medlem av styret i Kaffistova, Erling Vindheim har gått bort, og han blei minna på styremøtet 17 januar 1974.

Alt vart vedtatte på det ordinære årsmøtet 6 mars 1974, og alle representantene roste måten Kjell Nystuen hadde løyst oppussinga av kaféen. Det hev vorte store forandringar, og kaféen hadde fått eit trivelig utsjåande. Med det store undreskottet på rekneskapen for 1973, vart det vedtatt å ikkje dela ut noko utbyte for 1973.

Formann Evenstad fekk fullmakt til å ordna saka med forreningsfører Arne Trolsrud, etter at kafédriften er bortleigd.

) Heile styret vart attvalde på styremøtet 17 juni 1974.

✓  
utstillings-  
vindauga.  
Innehaveren av American Foto, Sigurd Goli Jensen, ville gjerne forandre på fasaden rundt utstillingsvindauga. Han kunne tekje seg å gjera meir ut av fasaden, dersom han fekk dei andre leigetagarane med på planane, og styret hadde ingen invendingar.

Styret drøfta den økonomiske situasjonen, og korleis ein skulle greie dei ymse rekningane som strøymde på, sjøl om ein hadde lånet i Drammen Sparebank. Men ein vona det ville gå.

For å få noko meir å rutte med, vart det vedteke å auke husleiga for forretningane i 1ste etasje med 30 % frå 1 januar 1975, hvis Husleienemnda ga lov.

Formann Kåre Evenstad la fram på årsmøtet 19 februar 1975, at gården hadde hatt diverse påkostnader i 1974, med skifte av vindauga i 3dje etasje, og ein ny brann-dør. Taket mot Engene og ytterveggen mot bakgården vart vølt. Ny vassledning i koppar vart lagt inn frå Engene, så no er vasstrykket svært godt.

Kaffistova har no i eit år vore bortleigd til Kjell Nystuen og kona, og her har me vorte heldige. Styret er svært nøgd med vertskapen.

Økonomien hadde bedra seg noko, og rekneskapen synte eit overskott på kr. 4.216,81, men samrøystes vedtak om ikkje å dea ut noko utbytte for 1974.

Årsmøtet vedtok samrøystes at formannen skulle få kr. 500,- pr. år til dekning av utgifter til telefon, porto og reiser, gjeldande frå 1 januar 1974.

Styret vart attvalde på det konstituerende styremøtet 3 juli 1975, med Kåre Evenstad som foramm, Hans Leirvik som varaformann, Steffen Gausemel som skrivar, og styremedlemmar Ragnhild Stubhaug og Olav Bakken.

Styret drøfta og ei eventuell oppusning av fasaden mot Amtm. Bloms gate, og formannen fekk fullmakt til å arbeide vidare med saka, og å innhente tilbod.

Drammen Husleienemnd hadde godteke ynskje om å høyne husleigene med 30 % frå 1 januar 1976. Samla husleige blir da kr. 23. 520,-, mot kr. 18.100,- i dag.

No som økonomien hev vørti noko betre, vart det vedteke å betala skuldnader både til ettersynsman Ragnar T. Dahl og forretningsfører Arne Trolsrud.

Styret vedtok å løyve kr. 250,- til Idrettslaget i BUL, og kr. 250,- til Leikarringen Noreg.

Styret vedtok også å si klårt ifra til arkitekt Axel Kirkhorn, at det frå Kaffistovas side ikkje er aktuellt med en eventuell utbygging av kvartalet.

På slutten av året 1975 måtte ein setja inn ein ny varmtvannsberedar, då den gamle rauh. Kaffistova betalte kr. 5.000,- og Kjell Nystuen kr. 4.100,-.

I samband med at husleigene for forretningane vart auka, hadde eit par av leigebuarane ymta frampå, at dei ikkje vart så interesserte i å halde snøen vekk fra fortoget lenger.

Formannen skulle difor snakka med Nystuen om han kunne ta på seg snørydding og anna ettersyn.

Da det ikkje er tilrådeleg å dela ut noko utbyte, før underskott frå tidlegare år vart dekkja, meinte styret at ein kanskje kunne yta aktieeigarane økonomisk støtte på anna vis, og det vart årsmøtet 18 februar 1976 samde i.

Odd Raaen, som hadde drive chokolade- og tobakksforretning mot Engene, hadde fått tillatelse av styret til å øverdra sin forretning til Britt og Steinar Gravdal, med førebels samme husleige som Odd Raaen. Dei ville tenkje seg å utvida vareslaget noko, og gi forretningen navnet "Gotten".

#### STORE KOSTNADER FOR EIGEDOMEN ENGENE 4.

Styret hadde tidlegare vedteke å foreta oppussing av gården utvendig, og formannen hadde laga ein avtale med Olav Grøslund til å gjere jobben.

Det synt seg snart at det vart mykje meir å gjera en fyst tenkt. Gesimsane måtte vøles opp at, og det vart naudsynt å gjera noko tettearbeide på taket.

Fasaden vart måla oppatt, og ein måtte leggja asfalt inne på gårdsplassen, fordi kommunen hadde komme med krav om at det skulle vera stålcontainer med hjul, som

Det vart brukt kr. 75.000,- til oppussinga, kr. 3.000,- til asfalt, og kr. 3.000,- til ny container.

Alt vart behandla og vedteke på styremøtet 20 oktober, og det vart også vedteke å søkja Drammen Sparebank om eit lån på kr. 80.000,-.

Der vart og kome eit påbud frå Drammens El,verk om å skifta ut ein del av det elektriske anlegget, og ein visste at neste sumar måtte ein reparere nedgangen til kjellaren, og porten måtte vølast om snarest.

Rekneskapan for året 1976 vart vedteke på årsmøtet 23 februar 1977, men representantane uttrykte bekymring for dei stadig store underskotta, som no på kr. 58.842,70, og da kunne ein ikkje tenkja seg å dela ut noko utbyte til aktiøigarane for 1975.

Men alle vart svært nøgde med Kjell Nystuen, som driver kaféen særst godt, og i tillegg utfører vaktmeister-teneste, som styret synta han måtte få kr. 1.000,- i året for.

Drammen Ligningskontor hadde meddelt at verdien av aktiane vart satt opp til kr. 2.000,- pr. aktie frå 1 januar 1977. Formannen kunne også på dette styremøtet melde at Byingeniøren i Drammen hadde satt opp vann- og kloakkavgiftene, og at det ville kome krav om å leggja inn vassmålar.

Det konstituerende styremøtet vart, etter mange utsett-elser, først halde 12 oktober 1977. Styret vart då sjå-andes slik ut: Formann Kåre Evenstad. Varaformann Hans Leirvik. Skrivar Steffen Gausemel. Styremedlemmar Ragnhild Stubhaug og Georg Steinmoen.

Etter kontrakten med Kjell Nystuen, skulle husleiga regulerast 1 januar 1978, og styret vedtok å auke husleiga med kr. 10.000,- til kr. 50.000,- pr. år.

)  
For ettertida kan Nystuens husleige regulerast kort år. Formannen skulle også undersøkje om husleiga kan aukast for dei andre leigebuarane frå 1 april 1978.

Husleigene for dei andre leigetakarane kunn aukast frå 1 april 1978, kunne formannen meddele styret på styremøtet 25 januar. Husleigeinnteksten ville da verte kr. 66.020,- pr. år.

)  
Formann Kåre Evenstad ga på årsmøtet 28 februar 1978, ei kort utgreiing om Kaffistova og drifta idag. Han meinte at ein måtte rekne med fortsatt store vedlikehaldskostnader i åra som kjem.

Rekneskapen for 1977 vart vedteke med eit underskott på kr. 3.369,30, og dermed heller ikkje dette året nokon utdeling til aktieeigarane.

Omlegging av ein del av det elektriske anlegget vart utført til kostnad kr. 10.000,-.

Vannlekasjen på kjøkkenet i kaféen, som førte til reparasjon av vassledningen opp til 3dje etasje, og vøling av kjøkkengolv, kosta tilsaman kr. 7.200,-, men alt vart dekket av forsikringen.

)  
Husleigeauken vart det allikevel ikkje noko tå, då Husleienemnda trakk tillatelsen telbarsatt, då det vart innført prisstopp frå 1 mars.

Dette meddelte formannen på styremøtet 15 mars.

Byingeniøren i Drammen har i skriv krevd at vassmålaren måtte vera innstallert innan 1 juli 1978.

Styret konstituerte seg som følger: Formann Georg Steinmoen. Varaformann Hans Leirvik. Skrivar Steffen Gausemel, og styremedlemmar Ragnhild Stubhaug og Nils E. Nilsen.

Engene 4 er nå fullverdi-forsikra for kr. 2.649.400,-, med ein årlig premie på kr. 5.821.-.

)  
Brannvesenet hadde vøri på inspeksjon, og gitt diverse pålegg, med utskifting av 5 dører til brannsikre dører, og på enkelte vegger med krav om brannvernende kledning.

Byggmeister John Wolden hadde kømi med eit overslag over kostnadene ved Brannvesenets pålegg, på kr. 44.030,-. Då Kaffistova allikevel ikkje fekk lov til å auke husleigene, vart det naudsynt å søkje bankenom eit lån på kr. 65.000,-.

)  
Svaret på søknaden om lån i Drammens Sparebank, vart lest opp på styremøtet 29 november 1978, og banken ga bare tilsagn om kr. 50.000,-, gjeldende i 6 mnd. frå 14 november 1978.

Etter innbråtet i Kaffistova 21 august, vart det gjort skade på fleire dører. Etter fleire samtaler med Norges Brannkasse, gjekk dei med på å betala for reparasjonane, minus egenandel.

Utsendingane til årsmøtet 21 februar 1979, fekk seg forelagt eit rekneskap som gjorde nokon og hver betenkte, for rekneskapen synte eit underskott på kr. 7.941,05, og difor ikkje noko utbyte til aktieeigarane i år heller.

)  
Når det ikkje vart mogeleg å auke husleigene; på grunn av prisstoppen, synte det seg, at dei faste inntektene i 1978 vart på kr. 48.500,-, og dei faste utgiftene i 1978 vart på over kr.50.000,-. I tillegg kommer så egenandel etter innbrotet på kr. 1.000,-, og innstallering av vassmålar kr. 1.100,-, så må ein heile tida låne pengar for å for å driva Kaffistova. Det er ein situasjon som det er meget vanskeleg for styret å handsame.  
Det vart tilslutt vedteke å la dei 3 laga som eig Kaffistova, vurderer ståa og komme med forslag.

Ragnhild Stubhaug gjekk no ut av styret, etter ihuga innsats siden 1962. Gjennom 17 år har ho representert Drammen Mållag i styret i Kaffistova, og ho vart varmt takka for innsatsen av formann Georg Steinmoen, som sjølv går ut av styret etter dette årsmøtet.

Styret konstituerte seg på styremøtet 14 mai 1979, med Nils E. Nilsen som formann. Hans Leirvik varaformann, Steffen Gausemel som skrivar. Gerd Aashild Sauar og Levi M. Rygg som styremedlemmar.

Styret hadde hatt eit møte med Kjell Nystuen, som hadde fortalt om det arbeide han utførte for gardsbruket. Største problemet vart vinteren med svære istappar og drypping ned på fortoget, hvor de frøys til svære is-svullar. I sommerhalvåret vart det mykje papir og anna bæss å fjerna frå fortoget.

Det hadde vørti rydda bra opp i kjellaren, so no stod att opprydding i uthuset, og ein skulle freista å få til ein dugnad for å ryddja opp der også. Og fyste dugnadskvelden vart 12 september.

Styret samtalte om kva som måtte gjerast etter det siste pålegget frå Branntilsynet. Formannen hadde konferet med den nye brannsjefen, som hadde lova å gi Kaffistova ein rimeleg frist til å utføre dette arbeidet.

For å få tinglyst lånet i Drammen Sparebank på kr. 50.000,-, måtte alle styremedlemmene skriva under. Medrekna dette lånet, har Kaffistova pr. idag ein samla gjeld på kr. 306.000,-.

#### FORANDRING FOR FORRETNINGANE I 1ste ETASJE.

Kjøpmann Erling Helgeland, som leier forretningslokaler i 1ste etasje, på hjørnet av Engene 4, hadde tenkt å slutta med sin kolonialforretning 31 desember.

)  
Formann Nilsen refererte eit brev om dette på styremøtet 26 september 1979, og han refererte også eit brev frå Gullsmed Arne Lie Larsen som ynskte å ta over lokala når Helgeland slutter.

Etter forslag frå formannen, godtok styret at Arne Lie Larsen kunne forhandle vidare med Helgeland.

Kjell Nystuen hev etter kvart fått problem med snørydding av fortoget, og sandstrøing, spesielt nå med så snørike vintre.

V  
Vintere

)  
Styret drøfta muligheten til å leige ein mann til dette arbeidet, f.eks. ein sprek pensjonist..Ein kunne freiste å la leigebuarane betale dette, i alle fall så lenge husleigene vart så låge. Utstyr og sand måtte i så fall Kaffistova kjøpa inn.

Formannen skulle undersøkje om denne ordningen let seg gjennomføra.

Kontrakten mellom Erling Helgeland og Arne Lie Larsen, om overtaking av Helgelands forretningslokaler, vart godkjent på styremøtet 21 november d.å.

)  
Til det samme styremøtet vart det komme ein søknad frå Kjell Nystuen om overtaking av Helgelands lokaler, men søknaden endra ikkje styrevedtaket om at Arne Lie Larsen får overta disse lokala.

#### BRANNMELDERANLEGG I ENGENE 4.

Den pålagte brannsikring av Kaffistova hev vore under kontinuerlig drøfting siden pålegget kom i 1978.

Ein kan no kanskje ordna det ved å innstallera eit brannmelderlegg for heile bygget, med direkte samband til brannstasjonen. Dette vil truleg bli både enklare, mykje raskare, og også rimelegare.

Formannen hadde vore i fleire møter med brannvesenet, bygningsfirmaer, og elektrotekniske firmaer. Det ser no ut til at eit tilbod frå A/S Eltek, Drammen, er det som faller best ut.

Brannvesenet godtek at heile huset vart dekkja av brannmelderplanlegget, som A/S Eltek har komme med tilbud på, til ca. 40.000,-.

Dette vil da bli mykje rimelegare enn ombygning, med nye dører, brannhemmende kledning, og røykvarslere i alle rom i heile huset. Dette vil komme på ca. 60.000,- til 70.000,- kroner, ifølge prisoverslag frå murmeister Frøiland.

Formannen fekk fullmakt til å undertekne avtalen med A/S Eltek, på vegne av styret.

Tidlegare skulestyrar Sivert Meldal, som var med i styret i Kaffistova, som representant for Drammen Frisinnede Ungdomsforening, frå 1946 til 1978, hadde nyleg gått bort.

Formannen sa noen pene ord om Meldal på styremøtet 14 januar 1980, og fortalte at Kaffistova hadde sendt ein krans til båra.

Formannen refererte så eit skrin frå Næringslivets Kontaktforum, om snørydding av våre førtog, spesielt brøytekanten mellom fortog og gata. Mot ein godtgjørelse på kr. 30,- pr. løpende meter, vil Drammen kommune påta seg å kjøyre bort snøen eit passande antall ganger pr. år.

Britt og Steinar Gravdal hadde komme med søknad om å få overta lokalet etter Arne Lie Larsen, når han har flyttet til lokala etter Helgeland.

Styret vart samde i at ekteparet Gravdal får overta lokalet etter guldsmed Larsen. Byggnadsmessige forandringar må dei sjølve bekoste, og forandringane må skje i samband med styret.

)  
Formannen refererte også eit skriv som vart sendt til alle leigebruarane, at Prisenemnda i Drammen hadde godteke nye leigesatsar frå 1 januar 1980.

Årsmøtet vart halden i Kaffistova 20 februar 1980. Formann Nils E. Nilsen åpna møtet med å ynskje alle delegatane velkommen til årsmøtet, og held deretter ein minnetale over Sivert Meldal, som i samanhengande 32 år hadde vore styremedlem i Kaffistova, og dei fleste åra som skrivar.

)  
Årsmeldinga, og rekneskapan som viste eir overskott på kr. 11.363,32, vart samrøystes vedteke. Det vart og enighet om ikkje å dela ut noko utbytte.

Ved valet vart Steffen Gausemel og Nils E. Nilsen attvalde.

Etter valet ga formannen ein utgreiing om Kaffistova, og arbeidet ved bruket. Den dårlige økonomien, og alt som heile tida måtte gjerast, hadde i mange år ligge som eit vedvarande press på styret, og han meinte at beste løysinga ville være å selge huset og bruke pengane til eit bygg, med høveleg stor møtessal, som kunne nyttast av alle laga til sin virksomhet. Han fekk full støtte av årsmøtedeltagarane, som oppmøa styret til å gjera alt som vart mogeleg i den retningen.

)  
Han fortalte også om avtalane med gullsmed Arne Lie Larsen, som har overteke lokalane etter kjøpmann Erling Helgeland, og som ville nyinnreda lokala for ca. kr. 250.000,-, og at forretningen Gotten hadde fått tillatelse til å overta lokalane etter gullsmed Larsen, og skulle bekosta heile utvidinga sjølv..

)  
Utredinga om det nye brannmelder-anlegget i huset, som skal monterast i løpet av mars måned, interesserte alle møtedeltagarane. Alle meinte at dette vart ei god løysing av brannvesenets presserande pålegg, og uttalte at dette vart ei bra løysing, samstundes med at ein sparte mykje pengar på dette.

✓  
Karlsen

Eventuellt sal av Engene 4, vart på dagsorden på styremøtet 13 mars, hvor formannen meinte at ein kunne ta kontakt med dei store entrepenørane, som til dømes Ole K. Karlsen, Johs. Christensen, Haakon Fossen, Lars Skau, og Olav Thoen, for å høyre om ein av dei kunne kjøpa huset, og at Kaffistova vart tilgodesett hvis dei hadde planar om bygg med lokalar som Kaffistova kunne vera interessert i å kjøpa seg inn i.

Dette var tankar som styret sa seg heilt og fullt enig i.

Styret konstituerte seg deretter slik:

Formann Nils E. Nilsen. Varaformann Haps Leirvik.

Skrivar Steffen Gausemel. Styremedlemmar Gerd Aashild Sauar og Levi M. Rygg.

Forretningsfører Arne Trolsrud, og Ettersynsmann Ragnar T. Dahl.

Formann Nilsen fortalte på styremøtet 29 september 1980, at han hadde vært i kontakt med Eiendomsmeglerfirmaet Eikas, og at dei vart viljuge til å arbeide med sal av Engene 4. Dei meinte at å selgja er ikkje så vanskeleg idag, med det er ikkje så enkelt å få plassert midlane frå salet i eit passende bygg, med eit lokale som alle laga kan nytta.

Ekteparet Gravdal, som tidlegare i år hadde fått løyve til å overta og ominnreda lokalane etter gullsmed Larsen, og som den gangen sa at de hadde planar om å utvide varespekteret i sin forretning Gotten, hadde no søkt om å få driva gatekjøkken.

På styremøtet 27 oktober held styret fast på tidlegare vedtak om at det ikkje skulle drivast gatekjøkken i Engene 4, da det ville være å konkurrere med Kjell Ny-stuen og Kaffistova.

Formannen påtok seg å forklare dette for ekteparet Gravdal.

) Styret vart innvitterte til å vitja guldsmed Arne Lie Larsens nye forretning like før åpningsdagen. Det vart virkelig ein smakfull forretning dei kunne syna, med mange sikkerhetsdetaljar og praktiske løysingar, som ein heilt moderne guldsmed-butikk må vera idag. Dette hev virkeleg vorte ein verdifull tilvekst til eigdommen.

Formannen hadde meddelt ekteparet Gravdal om styrets vedtak i saka om å få drive gatekjøkken. Dei godtekk dette, ville snarast starta med ombygging. *Settjast* ✓  
Då det nå må setteast igang med en del reparasjonsarbeider på gården, og rentene på våre banklån har auka med øyeblikkeleg virkning, vart det på styremøtet 8 desember vedteke å søkja Huleienemnda om låv til å auke husleigene med 25 %.

Årsmøtet 18 februar 1981, vart leia av formann Nils E. Nilsen, som innledet med minneord for vårt tidlegare styre- og varamedlem Lisa Vindheim, som hev gått bort i år.

Årsmeldinga og rekneskapen for 1980 vart samrøystes vedteke, men fleire av delegatane meinte at husleigene vart for låge.

) Formannen svarte at husleigene skal aukast med 25 % frå 1 april i år.

Sjølv om rekneskapen synte eit overskott på kr.19.773,60, så vart det ikkje stort att, når renter på lån og avdraga skulle betalast 1 februar. I tillegg brannassuransen til samme dato.

Styret hadde gjort framlegg om ikkje å betala ut noko utbytte for 1980, og det vart vedteke.

Eiendomsmeidlerfirmaet Eikas, som har arbeidet med eit eventuellt sal av Kaffistova, har fleire kontaktar, men vi kan ikkje selgja før vi har mogelegheit til å plassera pengane i høvelæg annan eigedom, meinte formannen.

Ragnhild Stubhaug meddelte at ho måtte trekkja seg frå styrearbeidet av helsegrunnar. Ho har representert Drammen Mållag i styret for Kaffistova siden 1962.

Jostein Rivedal tek over for 1 år.

Formann Nilsen orienterte om brannmelderanlegget, og fortalte at heile gården no har røyk- og brannmeldere direkte til brannstasjonen, og dei kan sjå hvor i gården det er røyk eller varme, før dei dreg ut.

Heile styret vart attvalde, og slik vart det også på styremøtet 8 april 1981.

Innbrudda i gården kommer no så tett i, tett, og heile tida må vi betala eigenandel. Vi må freista utsettja naudsynte reparasjonar til dei nye auka husleigane kommer inn på kontoan.

Men vi kunne ikkje utsettja reparasjonane etter innbrudd og øydeleggjingar på ytterdøra, kafédøra, dør inn til kjøkkenet, og øydeleggjingar inne på kjøkkenet. Alt dette måtte takast ommgåande.

Så har vårt kjære styremedlem Steffen Gausemel gått bort. Han hev vore ein framifrå representant for Buskerud Mållag, og eit aktivt medlem av styret i Kaffistova.

Han etterlet seg eit tomrom det skal vorti vanskeleg å fylla. Gausemel vart styremedlem i 1958, og virket til sumaren 1981.

Formann Nilsen representerte Kaffistova i begravelsen, og la ned ein krans på båra, med takk for hans store innsats.

Brannvesenet har no foretatt full prøve av brannmelderanlegget, og er heilt nøgd med prøva. Alt fungerte tilfredstillande, men dei vil ha ei ny branndør ut til gårdsrommet frå baktrappa, som er rømningsveg.

Ein annen hyggeleg melding kom på styremøtet 9 november, frå leigebuarane. Dei hadde på eige initjativ sytt for asfaltering av fortoget, og ville dele utgiftene, kr. 600,-, på dei og oss.

Det vart også refferert eit brev frå Buskerud Mållag, at dei hadde opnemnt Sissel Eikebø, som nytt styremedlem etter Steffen Gausemel. Ho er busatt i Drammen.

Husleigene, har etter tillatelse fr, Husleienemnda, blitt auka med 10 % frå 1 januar 1982, kunne formannen fortelja på styremøtet 25 januar.

#### TAKST OVER EIGEDOMEN.

Det er no på tide å betille takst over eigedomen Engene 4, foreslo formannen, og fekk støtte frå heile styret. Han hadde vørti i kontakt med Olav Thoen-Gruppen, og dei, i likheit med dei andre eigedomsselskapa, ønsket ein takst over eigedomen før dei ga eit bod.

Sidan siste styremøtet hadde det vørti halde takst over eigedomen, kunne formannen fortelja på styremøtet 1 mars. Eigedomen er i relativ god stand, meinte takstmannen, og takstdokumenta ville komme om nokon dagar.

Formannen kunne denne gang hilse velkommen til Sissel Eikebø frå Buskerud Mållag, som no tar over styreplassen etter Steffen Gausemel.

Ein mann ringte formann Nilsen, frå Buskerud sentralsjukehus tidlig om morgonen lørda 23 januar. Han fortalte at han hadde glidd på ein issvull på fortoget til Engene 4, mens han luftet hunden sin natt til lørdag, og hadde brukket beinet. Han forlangte kr. 15.000,- omgåande, andleis ville han politianmelde oss for dårleg værðnad av fortoget. Han kom med direkte <sup>✓</sup>kravsmål overfor formannen, som lovte å ta saka opp omgåande, samstundes med at vårt forsikringselskap fekk melding om saka.

✓  
kravsmål

I årsmeldinga for 1981, som formann Nilsen las opp på årsmøtet 1 mars 1982, vart alle innbrotta i Kaffistova omtalte. Forsikringselskapet hadde dekkert reparasjonane, men vi måtte kvar gong betala ein eigenandel. I 1981 til saman kr 2.000,-.

Rekneskapan syntte eit overskott på kr. 23.981,-, og at nedbetalingen på låna våre går bra.

Men no hadde myndighetene kome med eit krav om at aktiekapitalen i A/L Kaffistova - Bondeheimen måtte oppskrivast frå kr. 30.000,- til kr. 50.000,-.

Formannen tok opp problemet med sandstrøing og snørydding på fortoget, etter at forretningane hadde stengt for dagen, og meinte at ein burde prøva å få til ein fast avtale med noen som kunne halde fortoget i orden med rydding og strøing. Han henviste til erstatningskravet frå mannen som hadde falt og brukket beinet, då han gjekk tur med hunden sin natt til 23 januar i år, og som hadde kømme med trugsmål overfor formannen.

Styret i 1981 hadde bestått av: Formann Nils E. Nilsen. Varaformann Hans Leirvik. Skrivar Steffen Gausemel, til han døde, deretter Gerd Aashild Sauar. Styremedlemmar Levi M. Rygg og Sissel Eikebø.

Arne Trolsrud rekneskapsfører, og Ragnar T. Dahl ettersynsmann.

Det konstituerende styremøtet 22 mars 1982, vart det siste møtet leia av Nils E. Nilsen, som no går ut av atyret, på grunn stort press i arbeidsforhald.

Det nye styret vart då: Formann Hans Leirvik. Varaformann Gerd Aashild Sauar. Skrivar Sissel Eikebø. Styremedlemmar Levi M. Rygg og Asbjørn Steinseth.

Nilsen vart behørlig takka for sin innsats i dei åra han hadde vore formann.

✓  
behørlig

Taktsdokumenta frå taktsmann siv.ing. Nils Semb, hadde kome, og var på heile 8 sider. Her kunne mulige kjøparar av eigedomen Engene 4, finna alle naudsynte opplysningar. Av dei som førebels hadde vist interesse for å kjøpa eigedomen, var: Ole K. Karlsen, Olav Thoens Eiendomsfirma, Asbjørn Dahl, Arne Lie Larsen, og Britt Gravdal.

Oppskrivninga av aktiekapitalen og aktiane, samt tilføyføyning til § 6 i vedtektene, vart dei sakene som vart behandla på Omframårsrådet 26 april 1982.

Auke av aktiekapitalen frå kr. 30.000,- til kr. 50.000,-, vart samrøystes vedteke. Likeeins at aktiane skulle være samme antall, men at kvar aktie vart oppskrive frå kr. 1.500,- til kr. 2.500,- pr. aktie.

Ved framlegg til nye vedtekter, vart følgjande samrøystes vedteke: § 6 Tilføygd: "Om ein av partane ynskjer det, kan offentleg takst danne grunnlag for berekning av aktianes kurs".

Omfattande auke av husleigene for samtlige leigebuarar, gjer sitt til at den økonomiske ståa for Kaffistova er betre enn på mange år. Samla leigeinntekter er no kr. 131.800,- pr. år.

Det vart gjort avtale med herr Brattvold, som skal syta for at fortoget haldes mest mogeleg reint for snø og is, for kr. 200,- pr. time.

Rekneskapen for 1982 syner eit solid overskott på kr. 54.000,-, og i tillegg ein bankkonto på kr. 30.688,-. Styret vedtok derfor samrøystes på styremøtet 9 mars 1983, å betala ut eit lån i Bondeungdomslaget i Drammen på kr. 15.000,- + renter kr. 10.872,-, og Georg Steinmoen får tilbakebetalt kr. 3.500,- + renter kr. 1.880,-. Styret vart samde om å senda dei ein stor takk for hjølpa deira.

På årsmøtet samme dag vart årsmelding og rekneskapen samrøystes vedteke, og styret fekk fullmakt til å fortsette også i inneværende år.

Utover hausten 1983 vart det utført reparasjonar på taket, på gavlar og noko murpuss av Murmeister Frøiland for kr. 18.000,-.

Firmaet A/S Eltek, som monterte brannmelderanlegget i eigedomen, hadde fått godteke ein servicekontrakt på kr. 1.500,- pr. år.

Rekneskapen for 1983, som vart lagt fram på årsmøtet 7 juni 1984, synte eit overskott på kr. 33.971,-. Det vart difor samrøystes vedteke å dela ut 10 % utbytte til aktieeigarane.

Med Kaffistovas for tiden gode økonomi, er det freistandes å drive laget vidare, og i alle fall ta det litt roligare med salet. Husleigene aukes med 13 % frå 1/7-84.

Forretningen Gotten fremja ynskje om utvendig oppussning med platekledning på veggen og fliselagt grunnmur, og styret ga dei på styremøtet 12 desember 1984, tillatelse til denne oppussinga.

På dette styremøtet vart også kommunens planar om å gjere Amtm. Bloms gate til Gågate drøfta. Nye vassrør og kloakk-rør skulle leggjast, og varmekablar i fortoget.

Styret vart samde om, at når gjeldande leigeavtalar går ut, vil nye leigeavtalar inngåes for 3 måneder, p.g.a. moglege sal.

Årsmøtet vart halden 27 mars 1985, og nokon nye navn vart å finne blandt representantane.

Bondeungdomslaget hadde kome med framlegg om at ein burde få ein konsulent til å vurdere alle konsekvensar og ulike måter å løyse mulige investeringar på.

) Buskerud Mållag hadde kome med framlegg om å knytte samarbeid til Lagsbruksamskipnaden, og styret fekk i oppdrag å ta kontakt, for å klarleggja hvilken hjelp vi kunne få der.

Styret konstituerte seg slik på styremøtet 2 juli 1985: Formann Hans Leirvik. Varaformann Stein Arvid Eggereide. Skrivar Oddrun Murud. Styremedlemmar Gerd Aashild Sauar og ein representant frå Buskrud Mållag.

) Styret vedtok å starta med fliseleggjing av grunnmurane, både i Engene og i Amtm. Bloms gate, til pris kr. 10.000,- og at Frøiland lager ny port til Engene, til pris kr. 5.000,-.

Gerd Aashild Sauar og Stein Arvid Eggereide fekk i oppdrag av styret å ta kontakt med Lagsbruksamskipnaden - konsulent - advokat, med sikte på ein økonomisk driftsanalyse av eigedomen Engene 4.

Lagsbruksamskipnaden, v/ Arne Sæle, hadde vørti på befaring og i konferanse 4 november, kunne formann Leirvik fortelja på styremøtet 24 januar 1986.

Ein vurdering av vidare drift av Kaffistova, og deres hjelp i så måte, ville komma i god tid før årsmøtet 18 april 1986.

) Eiendomsenteret A/S, som også hadde vurdert sal eller vidare bruk av Kafistova, hadde kømni med sine synspunkter, og i brev av 2 april 1986 fortalte de, at Gravdals hev seld sin forretning Gotten, til Johannes Refsdal. Styret godkjente overdragelsen på styremøtet 18 april.

Årsmøtet 18 april 1986 dreide seg stort sett om sal eller vidare draft av Kaffistova. Saka hadde vørti til behandling i dei respektive laga, og alle hadde kømi til at Engene 4 burde selgjast, og det vart samrøystes vedteke å leggja eigedomen ut for sal.

Styret konstituerte seg på styremøtet 25 juni 1986, med formann Hans Leirvik, varaformann Stein Arvid Eggereide, skrifvar Sissel Eikebø, og styremedlemmar Oddrun Morud og Olav Bakken.

Det vart på dette møtet opplyst at fleire av leigebuarane ville komme med bud på eigedomen. Dei høgste buda vart kømni frå Christensen Eiendoms kontor med kr. 6.300.000,-, og frå Nova Holding A/S med kr. 6.450.000,-.

#### SALET EVGJERAST.

Omframtårsmøtet 15 august 1986, omhandla bare eventuellt sal av Engene 4. Før sjølve avstemminga tek til, vart eventuellt sal, gjennomgått særns nøye.

Eit skriftleg framlegg frå Buskerud Mållag vart også behandla nøye, og det så slik ut:

"Vi gjer framlegg om at det ekstraordinære årsmøtet vert utsatt 2 månader, og at årsmøtet i dag tek ei drøfting om ymse konsekvensar av ei eventuell sal av Engene 4, og eventuell oppløysing av A/L Kaffistova - Bondeheimen, og ei drøfting av eventuelle reinvesteringssobjekter. Dersom Engene 4 vart rehabilitert, kunne vi oppnå ein salssum på 7 til 8 millionar kroner, for å oppnå same avkastning ved sal. Dessuten, fast eigedom aukar i verdi, medan til dømes pengane i banken blir utsett for innflasjon og minskar fort. Vi ser difor denne saka så vanskeleg og betydningsfull for alle tre eigarlaga, at vi for vår del ikkje kan gå inn for sal og oppløysing idag, utan at det som her er nemnt, er nøy undersøkt."

Ved avstemminga over forslaget frå Buskerud Mållag, falt forslaget med 14 mot 6 stemmer.

Deretter vart det avstemming over sal av Engene 4, og da stente 18 for sal og 2 stente imot.

)  
Det vart tilbodet frå Nova Holding A/S på kr. 6.450.000,- som fekk fleirtal.

Da nå salet vart vedteke, kom spørsmålet om å oppløyse A/L Kaffistova - Bondeheimen, men eit klårt fleirtal vedtok at selskapet skal bestå, og at styret fekk fullmakt til å skjøta midlane på best mogeleg måte.

Det sittande styret fekk og fleirtal og fullmakt til å stå føre salet av eigedomen, og at dei kallar inn til eit nytt Omframåtårsmøte, når salet er gjort og midlane skal plasserast.

)  
Kravet frå Gågate-komiteen på kr. 40.799,70, vart våren 1985 vedteke skulle delast på leigebuarane, fordelt etter leigearealet. Då det ikkje hev vorte betalt, vart det på grunn av det forstående salet, vedteke på styremøtet 7 oktober 1986, at Kaffistova betalar heile beløpet.

Gågate-komiteen har også kome med krav om kr. 15.433,-, for utgifter til snøsmelteanlegget i Gågata. Det beløpet vart også vedteke å betala.

)  
Buskerud Mållag hev vore i kontakt med advokat Kjell Andersen, for å få ei utgreiing og vink om korleis salet best kan handsamas. Andersen tek kr. 650,- pr. time for dette arbeidet.

Styret vedtok 10 februar 1987 å gjere avtale med advokat Andersen om dette arbeidet.

Årsrekneskapen og revisjonsberetning frå Ragar T. Dahl, vart gjennomgått på styremøtet 24 mars 1987. Dahl hadde også laga ei utgreiing om korleis årsoverskottet best mogeleg kan brukast. Utbyttet visar seg å bli mykje mindre enn forventet.

Årsmøtet 27 mars 1987 vart prega av mange spørsmål og stor usikkerhet frå møtedeltagarane. Det vart kommentert at eigedomen faktisk vart sold til Nova Holding A/S og Aass Bryggeri, og ikkje til Nova Holding åleine, slik det forrige årsmøtet 15 august 1986 stemte for.

Buskerud Mållag meinte at styret hadde gjort for lite med plasseringa og bruken av midlane etter salet, og lufta tankar om korleis den skattefrie kapitalen i AL-et kan disponerast.

Styret kom etter dette med framlegg til drifta, og foreslo at laget skal oppretthalde drifta av AL-et, og at ein reinvesterar innan 4 år.

Det konkrete forslaget frå styret vart følgjande:

"Styret foreslår at A/L Kaffistova oppretthaldes ved fortsatt drift, og at ein reinvesterar innan 4 år."

Dette forslaget vart samrøystes vedteke.

Buskerud Mållag tek på seg å kalla inn representantar frå eigarlaga, til eit uformelt diskusjonsmøte, om korleis kapitalen frå salet best kan nyttast.

I meldingsåret 1986, har styret vore sammensatt, med Hans Leirvik som formann, Stein A. Eggereide som varaformann, Sissel Eikebø som skrivar, og Oddrun Murud og Gerd Aashild Sauar som styremedlemmar.

Den store saka dette året har vørti salet av eigedomen Engen 4, til Nova Holding A/S og Aass Bryggeri for kr. 6.450.000,-. Disse pengane er mellombels plassert i Bergens Bank til 14 % rente, med kvartalsvise kapitaliseringar.

Fram til salet vart gjort hev leigetakarane vørti som før. Styrets oppgave i 1987 er å gjere plasseringa og bruken av midlane frå salet på best mogeleg måte.

Dei største utgiftene dette året hev vore Gågate-arbeidet i Amtm. Bloms gate med vel kr. 56.000,-.

) På det konstituerende styremøtet 26 mai 1987, vart heile styret attvalde, bortsett frå at Olav Bakken går inn i staden for Gerd Aashild Sauar.

Buskerud Mållag ber styret vurderer å betala ut eit rentefritt lån til eigarlaga, og dela den frie eigenkapitalen på kr. 34.800,-, etter eigenandelane.

Dette syntes styret høyrdes rimeleg ut, og går inn for at dei 3 laga får utbetalt sin del av denne summen.

) Både Bondeungdomslaget, Drammen Mållag og Buskerud Mållag hev i brev ytra ynskje om oppløysing av AL-et, og st styret undersøker alle sider ved ei oppløysing, både økonomisk og formellt.

Styret treng då hjelp av både revisor Dahl og advokat Andersen til å handsame utbetaling av utbytte, idet rekneskapen for 1987 syner eit overskott på kr. 921.603,33. Styret ynskjer at det kan delast . kr. 400.000,- av overskottet.

) Det siste ordinære årsmøtet i A/L Kaffistova - Bondeheimen sin historie vart halden på Park hotell 22 mars 1988, og det var der stor glede over det store overskottet, og styrets forslag om å nytta kr. 400.000,- til utdeling av utbytte til aktieeigarane. Men det hev no kome ein ny lov om inntekts- og utbyteregulering, so ein måtte søkje Forbruker- og Admistrasjonsdepartementet om ein eventuell dispensasjon frå Lønnsreguleringslova.

Buskerud Mållag lufta tanken om å få skrive ned historia til A/L Kaffistova - Bondeheimen, og styret oppmoa Georg Steinmoen og Nils E. Nilsen til å ta på seg denne oppgåva. Dette skriftet skal ha nynorsk språkdrakt, og gis ut i form av eit hefte.

Det åpnast ein konto på kr. 10.000,- i Bergens Bank til dette arbeidet.

FISJONERING.

Framlegget til Bondeungdomslaget om oppløysing av AL-et vart samrøystes vedteke, og styret kontaktar advokat Andersen, for å ordna det reint praktiske med fisjoner- inga.

Innan svar på spørsmålet om utbyteutbetaling til aktie- eigarane kommer, vil styret betala ut kr. 15.000,-, som inn til vidare er lovleg.

Advokat Andersen setter igang arbeidet vedrørende fisjo- neringa, og kvar enkelt lag må starta arbeidet med å til- passa vedtektene sine og finna personar i styret i dei nye AL-a.

Til eit utvida styremøte 13 september 1988, møtte advokat Andersen, som ga ein utgreiing om oppløysinga, og gjennom- gang av vedtekter og registreringskjemaer.

So vart det klart for fisjoneringsa og dei nye selskapa.

Buskerud Mållag blir heretter: Busk-Mål A/S, 3570 Ål.  
Styret består av: Ragnar Rokne, Tor O. Bergum, Olav Haraldseid, Margunn Hagen.

Drammen Mållag blir heretter: Drammen og Eiker Mållag A/S,  
Villaveien 7, 3300 Hokksund.  
Styret består av: Terje Larsen, Arne Oppheim, Oddrun Murud.

Bondeungdomslaget i Drammen blir: BUL - Invest A/S, Konne-  
rudgata 32, 3045 Drammen.  
Styret består av: Hans Leirvik, Olav Bakken, Stein A.  
Eggereide.

Alle med revisor Ragnar T. Dahl som ettersynsman.

Avslutningsfest for A/L Kaffistova - Bondeheimen vart halden på Park hotell 29 oktober 1988, med tilsammen 18 representantar frå dei 3 laga.

Selskapet vart offisielt fisjonert 15 november 1988, og dermed har A/L Kaffistova - Bondeheimen i Drammen gått over i historia.

Eit stort og uegennyttig arbeid hev vørti nedlagdt av mange personar siden laget vart skipa til.

Fyst som Bragernes Kaffistove 25 februar 1914, deretter A/L Kaffistova frå 1918, og endeleg A/L Kaffistova - Bondeheimen frå 28 januar 1928.

Dei som gjennom mange år nytta Kaffistova som ein møtesplass i ein rusfri omgivelse, er nok etter kort gått bort, og den yngre generasjonen kan nok ikkje tenka seg betydningen av å møtast på ein kafé, med så god mat til ein rimeleg penge i so rolige omgivelser.

Slik som tida hev vørti forandra, var det nok rett avgjerde å oppløysa andelslaget i 1988, og ein må berre vona at fisjoneringa hev vørte til beste for: Busk - Mål A/S, for Drammen og Eiker Mållag A/L, og for BUL - Invest A/S, og at dei kvar for seg kan arbeide vidare i samme gode ånd.

Det fortjen dei mange som stod i fremste rekke, heilt frå den gongen Kaffistova vart starta opp og fram til i dag.